



Takst & Eiendomstenester AS
Skodvinvegen 112
5956 HUNDEVIN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/302 - 15/3001

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
09.02.2015

Førebels svar - trong for tileggsinformasjon - igangsettingsløyve gbnr 59/2 Bergfjord - kaifront og gangveg merket C

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 26.01.2015.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- I rammeløyve gjeve den 31.01.2012 går det fram at «før igangsetjingsløyve kan gjevast, må universell utforming dokumenterast, jf vilkår for dispensasjon». Vi kan ikkje sjå at vi har blitt tilsendt teikningar som dokumenterer dette. Det er blant anna ikkje sendt inn lengdeprofil av gangvegen eller anna dokumentasjon som skulle tyde på at krava til UU er stetta.
- Byggmester Hugo Vedaa har fått lokalgodkjenning for funksjonane SØK / PRO / KUT i tiltaksklasse 1. Det er ikkje gjeve ansvar for funksjonen UTF. Det kan soleis ikkje gjevast igangsettingsløyve før dette er på plass.

Kommunen ber om at tilleggsmateriale vert sendt inn samla innan 27.02.2015. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Mottakarar:

Takst & Eiendomstenester AS

Skodvinvegen 112 5956

HUNDVIN